

To mål av uskedeling i seriestarten

25.04.2010



Uskedelingen Gørill S. Eik var i ei hovudrolle då Rosendal sette Vestside-Askøy/Follese til veggs med 3-0 i seriestarten.

Ho scora 2 mål medan Ingunn Uglehus sette inn det tredje.

Det var ein god førsteomgang som gjorde susen og då vart alle måla sett inn.

Det er sjeldan Rosendal-laget, som har uskedelingen Tor Gundersen som trenar, har spela så godt.

I andre omgang vart det tannlaust og meir stillingskrig, men Rosendal hadde kontroll.

På biletet ordnar Gørill 1-0 etter hjørnespark.

(Foto: Kvinnheringen)